




HAREID KOMMUNE

Kompetanseplan for barnehagane i Hareid

Kompetanse for kvalitet

2014 -2017



Arbeidsgruppa som har utarbeidd planen	<ul style="list-style-type: none">• Berit Liaset – styrar ved Hareid barnehage• Elisabeth Warpe – dagleg leiar ved Grønmyr barnehage Holstad AS• Randi Kvammen – styrar ved Bigset barnehage• Solveig Ertesvåg – styrar ved Syverplassen barnehage• Mariann Båtnes – rådgjevar ved Sektor for oppvekst – sekretær for arbeidsgruppa
Dato	Mars 2014

Godkjent av	Levekårsutvalet
Dato	06.05.2014



Innhold

Innleiing

Situasjonen i barnehagane i Hareid i dag

Frå det kommunale handlingsprogrammet 2014- 2016

Mål for kompetanseutvikling i barnehagane 2014-2017

Strategi for kompetanseheving i barnehagane i Hareid kommune

System for kompetanseutvikling i dei kommunale barnehagane

Regionalt samarbeid

Kompetanseutvikling i kommunen

Handlingsplan for kompetanseheving i barnehagane perioden 2014-2015

Gjennomføring av planen

Evaluering og oppfølging av kompetansetiltaka

Litteraturliste

Vedlegg

Lovgrunnlag

Barnehagelova

Med *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver*

Hovudavtalen

Nasjonale satsing på etter og vidareutdanning

Nasjonal strategi for etter og vidareutdanning

Innleiing

Situasjonen i barnehagane i Hareid i dag

I Hareid kommune har vi 4 barnehagar; 3 kommunale og 1 privat:
Ved årsrapporteringa 15.12.2013 hadde vi dette barnetalet og talet tilsette ved barnehagane:

Barnehage	Tal barn	Årsverk - grunnbemanning		
		Styrrar	Pedagogar	Assistentar/fagarbeidarar
Bigset	62	1	5	7,8
Hareid	38	0,9	3	4,9
Syverplassen	61	1	5	8,0
Grønmyr – Holstad, privat	163	1	13	19
Sum	324	3,9	26	39,7

Barnehagen som pedagogisk verksemd – pedagogisk personale

Barnehagelova §2 fastset at barnehagen skal vere ein pedagogisk verksemd.
Lov om barnehagar §17 og §18 set krav til formell utdanning for pedagogisk bemanning i barnehage. Norm for pedagogisk bemanning i barnehage: **Forskrift §1 Der skal vere minimum ein pedagogisk leiar per 14-18 barn når barna er over 3 år og ein pedagogisk leiar per 7-9 barn når barna er under 3 år.**

I Hareid manglar vi pedagogar med godkjent grunnutdanning. Kommunen kan gi mellombels dispensasjon frå kravet om utdanning. Ved årsrapportering per 15.12.2013 var 6,7 årsverk (26%) av den pedagogiske grunnbemanninga i barnehagane utan formell utdanning.

Anna personale i barnehagen

Barnehagelova set ikkje krav om utdanning for anna personale i barnehagen. Lova gir pålegg om at bemanninga skal vere tilstrekkeleg til at det kan drivast tilfredstillande pedagogisk verksemd.

Personalet sin kompetanse er den viktigaste ressursen i barnehagen og den einskildfaktoren som har mest å seie for kvaliteten på barnehagetilbodet. Kompetente tilsette er ein føresetnad for å gi alle barn eit godt pedagogisk tilbod, slik at barnehagen blir ein god arena for omsorg og leik, læring og danning.

Behov for auka kompetanse

Kommunen manglar generelt pedagogar med godkjent utdanning. Barnehagane har og ein låg del tilsette med annan fagutdanning. Kommunen har eit behov for å heve kompetansen innafor barnehageområdet.

Dei seinare åra har det vore auke i talet på barnehageplassar. Det har aldri tidlegare vore så mange barn under 3 år i barnehagane. Vi har no forskingsbasert kunnskap

om tilknytning og tidleg innsats som viser at god kvalitet i barnehagane kan vere ein viktig faktor i livskvaliteten til barna.

Ansvar for kompetanseheving

Hareid kommune er barnehagemyndede for kommunale og privat(e)barnehagar og barnehageeigar/arbeidsgjevar for tilsette i kommunale barnehagar.

Barnehageeigar har ansvar for å gi dei tilsette naudsynt opplæring for å kunne utøve yrket og drive barnehagane i samsvar med krav sett i lovverk.

Barnehageeigar bør ha ein plan for korleis kompetanse skal rekrutterast, anten utanfrå eller ved å kvalifisere egne tilsette.

Barnehageeigar har det primære ansvaret for kompetanseutvikling hos dei tilsette. Det skal leggast til rette for at tilsette skal kunne ta del i kompetanseutviklingstiltak. Vidare skal barnehageeigar kartlegge kompetansebehovet og sette av egne midlar til kompetanseheving og ha ein langsiktig plan for kva tiltak som skal gjennomførast.

Barnehagen

Styrar har ansvar for kompetanseutviklinga hos personalet i barnehagen, samt å leie det pedagogiske utviklingsarbeidet på eit overordna nivå.

Barnehagane har lange tradisjonar for barnehagebasert kompetanseutvikling. Mange av dei tilsette har god realkompetanse («taus kunnskap»). Med ein langsiktig kompetanseplan vil vi formalisere og sette kompetanseutviklinga i system.



Det kommunale handlingsprogrammet 2014-2016

Hovudutfordringar i Hareid kommune er rekruttering, kompetanse og kvalitet.

Overordna og langsiktige mål (utdrag):

- Å yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren
- Syte for tilstrekkeleg og kompetent personale i alle stillingar også i åra som kjem, då pedagogisk personale generelt vert mangelvare på landsbasis.
- God kvalitet

Kortsiktige mål (utdrag)


- Rekrutteringstiltak
- Styrke leiarskap på alle nivå i sektoren
- Kompetanseheving, særleg innan spesialpedagogiske emne

Strategiar (utdrag):


- Rekrutteringstiltak: lokalt og i samarbeid med kommunane i nettverket Sjustjerna, Høgskulen i Volda og eigne tilsette som gode ambassadørar.
- Opplæringsprogram for einingsleiarar

Mål for kompetanseutvikling i barnehagane 2014 -2017

Kompetanse i barnehagane 2014



Mål: kompetanse i barnehagane i 2017



Kortsiktige mål:

- Rekruttere pedagogar i alle stillingar med krav om pedagogisk utdanning
- Behalde pedagogisk personale i barnehagane
- 1/3 av dei tilsette i dei kommunale barnehagane skal vere fagarbeidarar
- Heve realkompetansen til alle tilsette i barnehagane, uansett utdanning

Langsiktige mål:

- Kontinuerleg heving av kompetansenivået til dei tilsette i barnehagen gir god kvalitet i barnehagen
- God kvalitet i barnehagen kan gi ein langsiktig auke i livskvaliteten for barn som er/har gått i barnehage
- God kvalitet i barnehagetilbodet gir betre skuleresultat
- Gode resultat i skulen kan gi auke i utdanningsnivået
- Auke i utdanningsnivået gir auka deltaking i arbeidslivet i vaksen alder
- Gode barnehagar med kompetente medarbeidarar kan vere med å lokke arbeidskraft til regionen

Kommunen sin strategi for:

- Rekruttering av pedagogisk personale
 - * Ekstern rekruttering
 - * Intern rekruttering
- Generell heving av personalet sin kompetanse
- Barnehagen som lærande organisasjon

Faktorar som påverkar måloppnåinga:

- Økonomi
Kommunen får kvart år tildelt kompetansemidlar frå staten, i tillegg skal barnehageeigar sette av egne midlar til kompetansehevande tiltak/rekruttering
- Samarbeid med barnehagenettverket Sjustjerna om felles kompetanseplan
Søknad om statlege midlar til dette samarbeidet / prosjekt som vert sett i gong


Rekruttering

- Ekstern rekruttering
Omdømmebygging
Rekruttering gjennom å presentere kommunen på «Ut i jobb-dagen» ved Høgskulen i Volda
Annonsering
- Intern rekruttering
Vert gjort greie for under «Tiltak for kompetanseheving i barnehagane i Hareid kommune»



STRATEGI FOR KOMPETANSEHEVING I BARNEHAGANE I HAREID KOMMUNE

Hareid kommune tilbyr eit kompetanseløft for alle grupper av tilsette. I planperioden 2014/2017 blir det kompetanseheving/kurs/konferansar knytt mot tema:



I Hareid er det godt å vekse opp
-den gode barndom-
-sosial kompetanse-

Definisjon på kompetanse

Kompetanseomgrepet omfattar både formell kompetanse, det vil seie dokumentert kompetanse, og realkompetanse som i denne samanheng er kunnskap, ferdigheiter, evner og haldningar som ikkje er dokumentert gjennom utdanningssystem eller er sertifisert på anna måte (frå KS)

Barnehagen som lærande organisasjon


Kommunen vil legge til rette for at kvar barnehage skal fungere som ein «lærande barnehage». Det er ein barnehage

- som er god til å skape, tileigne seg og overføre kunnskap
- som kan endre seg i takt med ny kunnskap og innsikt

(David A. Garvin)


I ein lærande organisasjon er der læring og utvikling, både gjennom kurs, utviklingsarbeid, refleksjon over eigen praksis og erfaringsdeling. Arbeidet i barnehagane skal bygge på verdiane og den pedagogiske plattformen i sentral og lokal rammeplan.

System for kompetanseutvikling i dei kommunale barnehagane i Hareid



Regionalt samarbeid

Hareid kommune er ein del av barnehagenettverket Sjustjerna. Nettverket er i gong med å utarbeide ein kompetanseplan for barnehagane i regionen. Samarbeidet er planlagt på desse områda:



Kompetanseheving på høgskulenivå

Kurs/kompetanseutvikling	Ansvarleg	Frekvens	Kommentar
Barnehagepedagogikk	Høgskulen i Volda event. andre høgskular	Årleg	<ul style="list-style-type: none"> • Permisjon utan lønn frå stilling i kommunen. • Det vert arbeidd med ei stipendordning for søkjarar. Stipend kan bli gitt etter vurdering av kvar einiskild søkjar – krav om bindingstid på 2 år etter utdanning er fullført • Grønmyr barnehage Holstad har i Grønmyrgruppen system for stipend for tilsette som tar ABLU
Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU)	Høgskulen i Volda event. andre høgskular	Årleg	
Kompetanseheving /studiar for pedagogar	Hareid kommune Barnehagenettverket Sjustjerna Høgskulen i Volda Eventuelt andre høgskular Fylkesmannen	Varierende	<ul style="list-style-type: none"> • Nytt på nytt • Årleg barnehagekonferanse • Fagdagar arrangert av Fylkesmannen • Mentorutdanning • Spesialpedagogikk • Migrasjonspedagogikk • Melde behov innafor satsingsområde • Leiing
Leiarutdanning/kompetanseheving for styrar	Hareid kommune/regionalt samarbeid/ Høgskulen i Volda eventuelt. andre høgskular	Etter behov	<ul style="list-style-type: none"> • Leiing/administrasjon knytt opp mot innføring av sjølvstendige einingar • Økonomi • Leiing generelt

Kompetanseutvikling i kommunen

Kurs /prosjekt	Kva	Ansvar
Prosjekt 2014 -2017: «De utfordrende barna»	Tidleg innsats for å avhjelpe og forebyggje psykososiale vanskar blant barn i alderen 4-8 år. Barnehage / skule	Leia av PPT Syverplassen barnehage er med i første del av prosjektet. Dei andre kommunale barnehagane tar til med prosjektet seinare

Språk /danning/ lek	Satsingsområde i kommunen Etter behov i barnehagen	Barnehagane / Hareid kommune
Minoritetsspråklege barn	Satsingsområde i kommunen Etter behov i barnehagen	Hareid kommune i samarbeid med eksterne
Faglege kurs arrangert av PPT/ helsestasjonen / høgskular /andre institusjonar	Satsingsområde i kommunen Etter behov i barnehagen	Hareid kommune
IKT	Satsingsområde i kommunen Etter behov i barnehagen	Hareid kommune /eksterne
Likestilling	Satsingsområde i kommunen Etter behov i barnehagen	
Evaluering	Satsingsområde i kommunen Etter behov i barnehagen	
Fagleg påfyll for tilsette	Tidleg innsats - satsingsområde	Årleg kursdag i samarbeid med Sjustjerna

Kontinuerlege kurs	Ansvarleg	Frekvens
Førstehjelpskurs	Hareid kommune	Kvart 2. år
Livreddande førstehjelp symjing	Hareid kommune	Kvart år
Brannvernleiarkurs	Hareid kommune	Ved behov
HMS-kurs	Hareid kommune	Ved behov

Handlingsplan for kompetanseheving i barnehagane perioden 2014-2015

Handlingsplanen er utarbeidd i samsvar med

- sentrale føringar
- vedtekne kommunale satsingsområde
- barnehagane sine meldte behov for etterutdanning/kompetanseheving

Tiltak	Tid	Fagleg ansvarlege
Einingsleiarar /adm. oppvekstkontor		
Styrmøte	1 gong pr. mnd	Hareid kommune /Interne og eksterne
Leiarsamlingar med faglege tema	1-2 dagar pr. år	Barnehagenettverket – Sjustjerna Gjerne i samarbeid med skulenettverket Sjustjerna
Administrative verkty	2014-2017	Hareid kommune / samarbeid med eksterne
Leiing	2014-2017	Hareid kommune / samarbeid med eksterne
Fagdagar skule og bhg saker	Okt/nov 2014 Mai 2015	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Barnehagekonferansar	Oktober 2014	Fylkesmannen/HVO/Utdanningsforbundet med fleire. Nasjonale konferansar

Pedagogisk personale		
Mentorutdanning	2014-2017	Høgskulen i Volda
Nytt på Nytt	2014-2017	Barnehagenettverket Sjustjerna i samarbeid med HVO
Kompetansehevande kurs i samsvar med satsingsområde	2014-2017	Hareid kommune / samarbeid med eksterne
Handlingsplan for overgang barnehage/skule	2014-2017	Hareid kommune
Assistentar /fagarbeidarar		
Kompetanseheving for assistentar utan formell utdanning	2014	Barnehagenettverket Sjustjerna i samarbeid med Ørsta vgs.
Kurs for ass/bua som har dispensasjon frå kravet om utdanning	2014-2017	Hareid kommune eventuelt i samarbeid med barnehagenettverket Sjustjerna
Fagbrev for vaksne	2014-2017	Ved behov. Samarbeid Sjustjerna/vgs
ABLU	2014-2017	Høgskulen i Volda
Alle tilsette		
Generell kompetanseutvikling	2014-2016	Barnehagen/ Hareid kommune / samarbeid med eksterne
Minoritetsspråklege	2014-2016	Hareid kommune /samarbeid med eksterne
IKT-kurs	2014-2016	Hareid kommune / samarbeid med eksterne
Karlstadmodellen	2014	Hareid kommune /PPT
Leiing og åtferd	11. mars 14	Hareid kommune /PPT
Observasjon og kartlegging	11. mars 14	Hareid kommune /PPT
Tidleg innsats. Studiedag Herøy/Ørsta	6./7. okt. 14	Hareid kommune i samarbeid med barnehagenettverket Sjustjerna

Gjennomføring av planen

Framdrift

Tiltaka skal gjennomførast innanfor planperioden. Dei ulike tiltaka vert innarbeidd i barnehagane sine årlege planar – med det atterhaldet som er teke i punktet under om økonomiske konsekvensar.

Rutinar eller system for oppfølging av planen

Tiltaka/satsingsområda vil vere ein del av barnehagane sine eigne utviklingsplanar/ordinær drift. Kva som blir prioritert kvart år, skal gå fram av årsplanen til barnehagen.

Barnehagane sine årsplanar dannar, saman med barnehageeigar si sjølvstendige vurdering, grunnlaget for kommunen sin søknad om statlege midlar til vidare- og etterutdanning.

Økonomiske konsekvensar

Nokre av tiltaka vil kunne gjennomførast innanfor eksisterande budsjett og ekstern finansiering. Moglege behov for auka løyvingar vert vurdert i samband med økonomiplanen kvart år. Gjennomføring av kompetanseplan vil vere avhengig av budsjettrammene barnehagane har til ei kvar tid.

Evaluering og oppfølging av kompetansetiltaka.

Som ein del av barnehagen og kommunen si årsmelding, vert det rapportert årleg status for gjennomføring av planen.

Planen vert evaluert hausten 2015.



Litteratur og lenker

- Barnehagelova med Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver
- Lokal rammeplan
- Hareid kommune: Handlingsprogram for 2014-2017
- Hovudavtalen
- Stortingsmelding nr. 24 – (2012-2013) Framtidens barnehage
- Strategi – Kompetanse for framtidens barnehage – Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020
- Stortingsmelding nr 41 2008 – 2009 «Kvalitet i barnehagen»
- Kvalitet i barnehager – Rapport frå en undersøkelse av strukturell kvalitet høsten 2012
- Disse nettsidene:
- Universitetet i Stavanger, Atferdssenteret
<http://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/SAF/Bilder/Publikasjoner/erfaringer-dub.pdf> (De utfordrende barna)
<http://www.atferdssenteret.no/getfile.php/Filer/Atferdssenteret.no/Intranett/Dokumenter/Rapporter/140128%20Rapport%20til%20Udir%20Spr%C3%A5kkompetanse%20hos%204-%C3%A5ringer.pdf> (Barns sosiale utvikling. Språkkompetanse hos 4-åringer som har gått i barnehage»

Vedlegg

Lovgrunnlag –§ 1 Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering»

§ 2 Barnehagens innhold

«Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten»

- **Hovudavtalen**

3.3 Kompetanse – læring og utvikling

«Kompetanse og kompetanseutvikling har stor betydning for den enkelte ansatte, kommunen/fylkeskommunen og samfunnet. Dette gjelder både videregående opplæring, høyskole- og universitetsutdanning, voksenopplæring, etter- og videreutdanning, kompetansegivende oppgaver og utvikling av realkompetanse. For å sikre og utvikle virksomhetens generelle og spesielle kompetanse er det viktig å vurdere den enkelte ansattes formal- og realkompetanse og stimulere til kompetansehevede tiltak.

Det er viktig at arbeidstakerne motiveres til å øke sine kunnskaper og styrke sin kompetanse samt at kommunene/fylkeskommunene legger stor vekt på målrettet og planmessig opplæring og utvikling av sine arbeidstakere gjennom interne og/eller eksterne tilbud. Arbeidsgiver og den enkelte arbeidstaker har hver for seg og i fellesskap et ansvar for å ivareta kompetanseutviklingen.

Arbeidsgiver har ansvar for å kartlegge de ansattes kompetanse og analysere kommunens/fylkeskommunens kompetansebehov. På denne bakgrunn og etter drøftinger med de tillitsvalgte, skal det utarbeides en plan for gjennomføring av kompetansehevede tiltak.»

Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 -2020

Kompetanse for framtidens barnehage (Kunnskapsdepartementet)

Ein god barnehage krev kompetente leiarar og fagleg reflekterte vaksne. Dei tilsette sin kompetanse er den viktigaste einskildfaktoren for at barn skal trivast og utvikle seg i barnehagen. Eit kompetent personale vil kunne sjå, anerkjenne og følgje opp barna i deira utvikling. Å investere i kompetanse til tilsette, er å investere i barna (frå forord til *Kompetanse for framtidens barnehage*)

Kompetansebegrepet omfattar både formell kompetanse (dokumentert kompetanse) og realkompetanse; kunnskap, ferdigheiter, evner og haldningar som ikkje er dokumentert gjennom utdanningssystemet eller er stadfesta på ein annan måte (frå KS).

Barnehageeigar har eit ansvar for rekruttering og kompetanseutvikling av personalet for at barn i barnehagen skal få eit godt pedagogisk og trygt barnehage tilbud.

Strategien sitt mål er å:

- Rekruttere og behalde fleire barnehagelærarar og tilsette med relevant kompetanse for arbeid i barnehagen
- Heve kompetansen for alle tilsette i barnehagen
- Auke statusen for arbeid i barnehage

Barnehageeigar har ansvar for at dei tilsette får nødvendig opplæring og får ta del i kompetanseutvikling på eigen arbeidsplass.